

## Nytt kjøken i gamal skule

05.04.2011



Fornøgde med nytt kjøken: Berit Harriet Døssland (til høgre) og Liv Hansen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**No er det ikkje lenge før Gamleskulen har fått moderne og nytt kjøken. Det ventar mellom anna lys under skåp og måling på veggane så er verket fullendt. Og verket er det framfor alt Uskedalen Utviklings pioner Jan Erik (Janne) Olson som skal ha æra for. Det blir understreka av leiaren for Cafe TI-aren Berit Harriet Døssland.**

- Han er berre fantastisk. Eg veit ikkje kva vi skulle gjort utan han. Vi hadde rett og slett ikkje makta denne jobben, seier Berit Harriet.

Ikke berre har han leia dugnadsinnsatsen, han stod også for førebuingane med planleggjing og sending av søknadar hit og dit. Stutt sagt har han trukke i alle trådane, seier Berit Harriet.

Ho kan elles rapportera om besøk av 29 vaksne og 9 ungar i regnveret. Mange av dei meir eller mindre faste gjestane har reist til Syden denne veka!